

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 72	Utkommer hver måned	September 1936	Utgiver og redaktør: <b>Sogneprest Slaattelid</b> Davik	7. årg.
--------	---------------------	----------------	---	---------

### Aftensalme.

Mel.: Jeg vil mig Herren love.

Vi kommer til dig, Mester,  
i stille aftenstund  
og synger for ditt åsyn  
med hjerte og med munn.  
Vi takker dig for dagen  
der svant med solen bort,  
og beder dig å verne  
vårt hjem i natten sort.

Vi kommer til dig, Mester,  
vår Herre og vår Gud,  
vi kneler for ditt åsyn  
og for ditt kongeskrud.  
Nu kommer nattens timer  
med gyllne stjerner hist —  
velsign oss med din nåde,  
o milde, Herre Krist.

Vi kommer til dig, Mester,  
og kneler for din fot  
og synger være salmer,  
ti du er ene god!  
Hos dig er lysets kilde,  
hos dig er fredens elv,  
hos dig er nådens fylde,  
hos dig er livet selv!

Dansk salme.

### Mammon.

Les Mat. 6. 24–25.

»Ingen kan tena two herrar,« seier Jesus. Kva er det for herrar? Dersom ein ikkje visste kva Jesus seier vidare, vilde ein sikkert ha svara: Desse two er sjølvsgt Gud og Djævelen. De kan ikkje tena Gud og Djævelen. Det skynar jo alle. — Men det er ikkje dette Jesus seier. »De kan ikkje tena Gud og Mammon,« seier han. Korleis skal vi forstå det? Er det so at Djævelen og Mammon er det same? Nei, slettes ikkje. Djævelen er myrkret sin fyrste, det vondte personifisera. Men kva er Mammon? Det er denne verda med alt det den eig av jordiske

gode ting: gods og gull, lukke og herleidom, arbeid og strev. Det er Mammon. — Men korleis kan det vera ei slik motsetning millom Mammon og Gud, denne verda og Gud? Det er då Gud som har skapt verda og alt som i den er. Difor seier Paulus: All Guds skapning er god. Jesus har då heller ikkje sagt at vi ikkje skal *eiga* Mammon eller *bruka* Mammon. Abraham åtte mykje av Mammon og var likevel ein Guds mann. David likeeins. Du kan eiga millionar, ha ei stor forretning, streva frå morgen til kveld, og endå leva heilt for Gud.

Det er ein annan ting Jesus talar um. Han seier at vi må ikkje *tena* Mammon, so han vert vår herre. Mammon skal ikkje vera vår herre, men vår tenar. Den skal ikkje vera *målet* for vårt liv, men eit *middel* i arbeidet for det som er målet, Guds rike.

Lever vi for denne verda åleine og tenar vi Mammon, då kjem so lett *sutene*, denne redde syting for utkoma og for framtida, denne sut som er som ei tærande rust på livet i Gud. Det er ei Satans snare. Det er *heidensk*, for det kjem av vantru. Og det er *uturrande*, for »dykkar far i himmelen veit kva de treng«. Det som han ser vi har bruk for, det gjev han oss. *Han* vil syta for oss. Kjem lidingar og sorger, kanhenda tunge og trykkjande, so kjem dei fordi han ser at vi treng dei. Kjem lukka til oss, varm og smilande, so er det fordi han ser at vi treng til lukke. Kjem fatigdom, svart og snikjande, so kjem den fordi vi treng til å smaka den og. Han veit kva som er best for oss. Ver trygg. Han deruppe tek aldri feil. Den Allvitande har tenkt på alt. Hugs på at alle ting skal tena dei til gode som elskar Gud.

Det finst ikkje nokor betre hjelp mot alle sorger og suter enn dette, at du i tru på

Jesu fullførde frelse søker Guds rike og hans rettferd. Dess meir du vert uppteken av den, dess meir kverv all sut burt. Alt anna vert smått mot dette eine store: A vinna Kristus og leva i han. Der er mangt som kan trengjast for vårt lekamlege liv; men der er noko som trengst endå meir, og det er å få vår synd tilgjeva og vår sjel frelst.

*Derfor Jesus han mitt ene  
og mitt allting være skal.*

Etter Søren Dahl.

### Bønn.

Du Hellige Ånd, du som veileder og fører alle Guds utvalgte, jeg beder dig av hele mitt hjerte, at du vil bo i mig og være hos mig alltid, føre og lede mig, så jeg ved din kraft kan nå frem til det evige livs uutsigelige herlighet, der det skal være en evig dag, en evig sommer, en evig fred, en evig uophørlig glede. Nu er vi på verdens ville urolige hav, men hjelp du oss over, så vi med glede kan nå det evige fedreland etter alle trengsler. Giv oss dette, du som er høilovet med Faderen og Sonnen i alt evighet. Amen.

### Den kristne tro.

#### 9. Mennesket.

Det høieste som Gud har skapt her på jorden er mennesket. Det skapte han nemlig i sitt eget billede, slik at der er en likhet mellom det og Gud. Vi er av guddommelig ætt, sier apostelen. Gud har gitt oss en uudødelig sjel. Han har gitt oss evnen til å kjenne Gud og leve med ham. Han har gitt oss samvittigheten, hvorri Han selv taler til oss om godt og ondt. Og Han har gitt oss den frie vilje til å velge mellom det onde og det gode. Alt dette er det vi tenker på når Guds ord sier at mennesket er skapt i Guds billede. Derfor er det at mennesket ikke bare er det mest høitstående av dyr men noget uendelig mere og større. Det er noget guddommeligt ved mennesket. Det er dets herlighet og det er dets ansvar.

Gud skapte mennesket i kjærlighet; han vil at det skal leve sammen med ham og elske ham. Og han skapte det til sin ære; det skulde tjene og forherlige ham. I kjærligheten til ham og lydigheten mot ham skulde mennesket finne lykken, her i tiden

og hisset i evigheten. Det skulde råde over jorden og legge den under sig. Gud gav det evner til å utforske og utnytte alle de vidunderlige ting som Han har nedlagt i naturen. De skulde bruke det altsammen til Guds ære og til gagn for sig selv.

### Kyrkjebyggjinga i Davik. V.

Saka gjekk no etter til departementet som i september same året svara med eit sers álvorlegt brev. »Man må gi kommunebestyrelsen tilkjennegitt at departementet på det bestemteste må forlange, at denne saks ordning nu ikke søkes yderligere forhalet, men at den ufortøvet skrider til arbeidets påbegynnelse.«

Soknestyret sende søknad til stortinget um å få 5 600 kr. i tilskot til byggjinga. Sokneprest Hansen gav søknaden varm stud ned. Han heldt fram at den økonomiske stoda var sers vanskeleg. Den sainla utlikning til heradsbudgettet var svært stor, heile 10 000 kr. (!). Og gjelda var og tung: 7 100 kr. So seier han vidare: »Endelig har det som bekjent været en lang og bitter strid om flytning av kirken til fjordens nordside, hvorunder man som det synes, har opbuddt sine krefter til det yderste og forbundet med utgifter. Derved har jo interessen for den nye kirke meget tapt sig fra de tapendes side som utgjør den betydeligste halvdelen av menigheten. Jeg tror at det vilde bidrage meget til å fjerne misfornøielsen og forsonne gemyutterne, dersom i det minste denne lettelse blev tilstået dem.« Men nei, søknaden vart avslagen. Departementet såg nok ikkje med blide augo på Davik soknestyre.

Etter resolusjonen av 1882 var jo spørsmålet um flytjing endelig avgjort, og etter den strenge påminning frå departementet gav soknestyret seg. Det nyttå ikkje lenger å strida mot overmakta. Våren 1884 tok det til å fyrebu arbeidet for álvor. Kyrkjetomten som det hadde vore slik usemjå um, vart flutt noko so alle kunde vera tilfreds. 3 000 takstein vart innkjøpt i april. I september vart det avertert etter tilbod på kyrkjemuren. 22. september tok dei til med upptredninga av rundtimberet. Arbeidarane var: Johan O. Lefdal, Kristen J. Lefdal, Ole P. Kjøllesdal, Peder P. Aardal, Hans H. Aardal, Matias

H. Reksnes, Anton J. Aasene, John M. Daviknes. Betalinga var kr. 1.60 for dagen. Ole og Martjnes Frimannslund, Peder Bøen og Reiel Nybø gav Stein til muren utan vederlag. I desember vart godteke tilbod på muren frå Ole J. Nore. Det var på 3 850 kr., over 2 000 kr. mindre enn i 1880. Det var sume på nordsida som vilde at muren skulde oppførast som pliktarbeid. Ola Haus heldt på dette. Um dette kom det til ein samanstøyt millom viseordføraren Ola Haus og ordføraren Hans Lefdal. Den fyrste meinte at det var tvilsamt um ordføraren var upartisk i denne saka, sidan personen hans var interessera i det godkjende tilboden. Den andre svara at personen berre var med som vanleg arbeidar, og let vidare føra til protokols: »Viseordfører O. Haugs har i alle disse år stått i spissen for kirkens flytning, og man var bange for at han fremdeles omgikkes med sådanne planer.« Då muren var ferdig kom det skriv frå Johannes J. Hatle gjerde m. fl. som vilde ha etterøkt um muren var skikkeleg gjort, men han vart i april 1885 godkjend utan merknad av soknestyret. O. Haus vilde ikkje ha noko ansvar for denne overtakinga. — 24. april var byggmeister Gjert Lien, og ein tok fatt på framføringa av materialene ved pliktarbeid. Sjølve byggjinga byrja 11. mai. Byggjenemnd var: M. Frimannslund, Gunnar Daviknes, Johan O. Lefdal, John Mikkelsen Horn, Martinus H. Reksnes, suppleant Anton J. Aase. Til faste arbeidrarar tok soknestyret desse: Ein av brodrene Anton eller Kristen Aase etter eige val, Knut Kaspersson Bakke; Ole Guttormsen Endal, Petter P. Berstad, Rasmus M. Ervik, Ole Pedersson Haus, Ole P. Nordtun, Peder Olsson Kjøllesdal, Matias H. Reksnes, Guttorm Bergerson Humberstad, Peder Larsson Lefdal. Dei andre arbeidrarane var: Kristian J. Lefdal, Peder D. Berstad, Iver J. Lund (smed), Guttorm A. Manset, Anders N. Bjørhovde, John O. Bjørhovde, Baltzer B. Lien, Ingebrig N. Humberstad.

(Framhald)

**Kvittering for kontingent:** Ivar Havnen, August Havnen, Nils N. Havnen, Kristen P. Ravnefjell kr. 2,50. — Lærar Brunsvik 5. — Tils. 15 kr.

Hjarteleg takk til alle.

### † Våre døde.

28. juli: Katrine Paulsdtr. Leirgulen; f. 1873; kreft.  
 28. juli: Synneve Markusdtr. Nyborg, kona til Nils Nyborg; f. 1863 i Bremanger; bronkitt.  
 9. april: Ragnhild Jakobsdtr. Tytingvåg, kona til Kristian Tytingvåg; f. 1861; alderdom.

**Han skal føra oss ut over døden.**  
*Salme 48, 15.*

### Notisar.

**Døypte:** 19. juli Arne Sig mund, f. 4. juni av f. Kristen Andersson Sande, Aalfot, og k. Martina Andersdtr. (f. Førde). — 9. aug. Roald Sig mund, f. 12. februar av f. Ragnar Ulriksson Liset og k. Samulina Olsdtr. (f. Haus).

**Ektevigde:** 13. juli i Bergen Hans Antonsson Dombestein og Anna Andersdtr. Isene. — 5. aug. i Eid Jon Jonsson Stokke, Breim, og Olina Kristofersdtr. Hennøy. — 9. aug. Lars Knutson Solbakke og Karolina Martinusdtr. Kolset. — 16. aug. Birger Rosenlund og Astrid Frimannslund.

**Konfirmantar iär.** Davik: Reidar Dybesland, Karstein P. Bakkelid, Leif M. Dombestein, Guttorm G. Endal, Karla Rye, Oddrun B. Indredavik, Halldis H. Daviknes. — Rugsund: Sigvard P. Strand, Henrik J. Fløtre, Ottar A. Lofnes, Ragnar P. Olsbø, Sverre S. Lofnes, Johan H. Friis, Adolf R. Storøy, Søren H. Bakke, Abraham S. Strømmen, Johanne K. Hamnen, Liv P. Haukedal, Gudrun A. Haugland, Marta E. Kolset, Svanhild I. Hennøy, Kjellaug K. Bortne, Ellen Hunskår, Aslaug Lofnes, Agnes M. Hennøy. — Totland: Per Hausle, Per J. Heggedal, Jakob J. Hessevik, Jens R. Nave, Modolv T. Lykkebø, Dagfinn J. Falkevik, Tora J. Rimstad, Paula A. Solbakke, Vigdis M. Våg, Edit A. Lefdal. — Aalfot: Jakob L. Torheim, Agnes M. Isane, Synniva J. Torheim, Rasmina R. Myklebust, Rannveig R. Myklebust.

**Basarar:** Bortne 3. juni til indremisjonen 135 kr. Nordstrand 24. mai til heidningmisjonen 238 kr.

**Bøker av Claus Frimann.** Dersom det skulde vera nokon i prestegjeldet som har liggjande bøker av Claus Frimann, vilde eg svært gjerne få låna dei. Eg vilde vera takksam um ein i tilfelle vilde in meg få vita um bøkene.

**For 100 år sidan.** Døde: 19. aug. Jørgen Waldemarsen Møchlebust, leilending, 72 år. 22. sept. Rasmus Marthinsen Haus, huusmand, 37 år. 19. sept. Inge Monsdtr. Møchlebust, 78 år.

### Gudstenester.

- |                          |                     |
|--------------------------|---------------------|
| 15. sund. etter tricin., | 20. sept.: Rugsund. |
| 16. ——————               | 27. » : Aalfot.     |
| 17. ——————               | 4. okt. : Totland.  |
| 18. ——————               | 11. » : Davik.      |
| 19. ——————               | 18. » : Rugsund.    |
| 20. ——————               | 25. » : Davik.      |

Dei tre første av desse sundagane skal det vera konfirmasjon.

**Dikte av Claus Frimann.****10. En Sang.**

Skam faae den, der har en ven,  
Og sin Ven forlader!  
Den der sød omfavner den  
Hun i Hjertet hader!  
Den der sværger hellig Eed,  
Og sin Eed forglemmer!  
Den der Løndoms-Feilen veed,  
Og sin Ven beskjæmmer!

Skam faae den som Fødeland  
Elsker ei og ærer!  
Den der med en lækker Tand  
Landets Tary fortærer!  
Den der giver onde Raad,  
Giode Ting nedbryder!  
Den der ei til gavnlig Daad  
Glad sin Skilling yder!

Skam faae den, der har et Huus,  
Og for Huus ei sørger,  
Tumler sig i Saus og Duus,  
Ei sin Pung adspørger;  
Den der mørk i skiden Vraa  
Søger saadan Glaede,  
At hans Børn ham bande maae,  
Og hans Hustrue græde!

**Gjennem trengsler.**

Der lå han utstrakt på sitt leie i store  
smerter, natt som dag. Hele hans legeme var  
et eneste sår. Klaget han? Nei, ventende  
på Herrens time lå han der. Han hadde lært  
hemmeligheten i det som heter hengivelse i  
Guds vilje.

Mens han var frisk, hadde han utført sin  
borgerplikt, hadde innehatt de fleste tillits-  
hverv som en kommune kan gi en innan.  
Som lærer hadde han ikke bare gjort sin  
plikt, men gjort sitt ytterste også for at  
barnesjelene skulde føres til barnevennen  
Jesus. Som forkynner istemte han med Paulus: »Jeg skammer mig ikke ved Kristi evan-  
gelium,« og han forkynnte det hvor han for  
frem. Men nu lå han der, mens spørsmålet  
»hvorfor?« fremkom i mange hjerter. Jo, —  
nu skulde det han hadde talt om til små og  
store, ha sin ildprove. Nu skulde det siste  
fnugg av slagg renses bort. Bestod han prø-  
ven? Til Guds ære kan det sies *ja!* Ti Guds  
løfte: Som dagene er, skal styrken være,  
sviktet ikke.

Enhver som besøkte ham, både av slekt-  
ninger, venner og bekjente, måtte erkjenne,

at Gud på en underfull måte blev forherliget  
gjennem hans smertesleie. Mange troende gikk  
fra ham med det inderlige ønske: Gjør mig  
mere takknemmelig, o Gud! Ved et av mine  
siste besøk hos ham før hans seierrike død,  
sa han: »Idag har jeg været så syk og har  
så store smerter, at jeg ikke orker å tale  
meget, men Gud er bare kjærighet i alt han  
sender oss.« Hvor det grep mig, dette vid-  
nesbyrd! Han hadde lært den svære lekse  
å være »fornøid med den lodd jeg får, blott  
du er min og med mig går.«

Har du, kjære leser, lært denne livets  
største kunst? Å leve, lyde og tro. Av  
ganske hjerte å underkaste sig Guds vilje i  
alle ting?

Einsein Klungreseth i »Krigsraabet.«

**Til eftertanke.**

Dei fleste av oss har vel funne ut at vi har  
i det minste ei veik side ved vår karakter.  
Det er ein god ting berre å kjenna sine veike  
sider. Mange er dessverre heilt blinde for  
sine eigne feil, men kan, når det gjeld andre,  
»finna ei nål i eit høystål«. Men det er ikkje  
nok at vi kjenner til våre veike sider; vi må  
og prøva å retta på dei. Du må liksom halda  
dubbel vakt nettupp her, for du kan vera viss  
på at nett her vil den vonde tienden gå til  
åtak. Det er det same kva for serlege veike  
sider du har — å vera gretten, snarsint,  
sjølvgod, dømesjuk og kritisk, havesjuk,  
overfladisk, glad i moro o.s.v. — prøv å sjå  
kva som er det veikaste punkt i din karakter,  
og gjer so med Guds hjelp alt du kan for  
å passa deg nettupp der. Elles vil det vonde  
snart fa deg i si makt, um du har aldri so  
mange gode sider elles.

Ingen kan ha det godt som ikkje gjer godt.  
Å ta krossen sin upp og fylgja jesus, er ikkje  
å gjera ei stor gjerning eingong for alle,  
men det er å utføra dei små plikter som kviler  
på oss og som vi ikkje likar, utan å gjeva  
upp. —

»No veit eg kva det er å vera ein kristen,«  
sa ein innfødd på Madagaskar. »Kva er det  
då?« spurde misjonæren. »Det er å vera  
saman med Gud alltid,« var svaret.